

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 125/2021

av 19. mars 2021

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2020/1802 av 27. november 2020 om endring av brukarretteiinga for deltaking i EMAS i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til EØS-avtala, etter nr. 1eaq (kommisjonsavgjerd (EU) 2020/519), skal nytt nummer lyde:

”1ear. **32020 D 1802**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2020/1802 av 27. november 2020 om endring av brukarretteiinga for deltaking i EMAS i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (EUT L 402 av 1.12.2020, s. 51).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2020/1802 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. mars 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L 402 av 1.12.2020, s. 51.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 19. mars 2021.

For EØS-komiteen

Clara Ganslandt

Formann

UOFFISIELL OMSETJING